

PLANPROGRAM

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033

Fastsett av kommunestyret 19.03.2026



KVINNHERAD
KOMMUNE

Tittel: Planprogram – Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033

Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune (Eining for Vatn og Avløp)

Politisk forankring: Planstrategi for Kvinnherad kommune 2024-2028

Plantype: Kommunedelplan (tematisk)

Format: A4

Tal på sider: 13

Nøkkelord: Vassforsyning, avløp, vassverk

Versjon: Høring og offentlig ettersyn

Revisjonsdato: 30.01.2026

Vedtaksdato: 19.03.2026

1.	Innleiing	4
1.1	Føremål	4
1.2	Bakgrunn og avgrensing	4
1.3	Politisk forankring	4
1.4	Organisering	4
1.5	Budsjett og økonomi	4
2.	Prosesskrav og avgrensing	5
2.1	Plantype	5
2.2	Krav om planprogram	5
2.3	Planområde	5
2.4	Tematisk avgrensing	5
3.	Planprosess og framdrift	5
3.1	Medverknad	6
4.	Overordna føringar og retningslinjer	7
4.1	Internasjonale føringar	7
4.2	Nasjonale føringar	7
4.3	Regionale føringar	8
4.4	Lokale føringar	8
5.	Om kommunedelplanen	9
5.1	Dagens situasjon	9
5.2	Tema i kommunedelplanen	9
6.	Utgreiingsbehov	10
6.1	Risiko og sårbarheitsanalyse	10
6.2	Konsekvensutgreiing	10
6.3	Forholdet til kommuneplan og reguleringsplan	11
6.4	Kartleggingsbehov og kunnskapsgrunnlag	11
	Kjelder	11

1. Innleiing

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal rullerast med føremål om å følgje opp langsiktige målsettingar og gje føringar for vassforsyning og avløp i Kvinnherad kommune fram mot 2033. Planarbeidet vert starta opp i 2025, og planprogrammet skal gi overordna føringar for planprosessen og utarbeiding av kommunedelplanen.

1.1 Føremål

Rullering av kommunedelplanen har som føremål å sikre eit oppdatert styringsverktøy som bidrar til berekraftig vassforvaltning og avløpshandtering i Kvinnherad. Kommunedelplanen skal setje overordna målsettingar for vassforsyning og avløp som skal følgjast opp gjennom tiltak i planperioden. Planen skal vidare ivareta lokale, regionale og nasjonale interesser.

1.2 Bakgrunn og avgrensing

Det er behov for å rullere kommunedelplan for vassforsyning og avløp på bakgrunn av revidert avløpsdirektiv og endringar i drikkevassforskrifta. Vidare er det behov for å vurdere nye tiltak i forhold til krav og behov i planperioden, og oppdatering av gebyr.

Vedtatt revidert avløpsdirektiv (2024/3019) trådte i kraft 01.01.2025. Det følgjer av revidert avløpsdirektiv at det vert strengare krav til reisning av spillvatn, og vil omfatte fleire tettstadar. Reinsekrava vil omfatta tettstadar med 1000 personekvivalentar (pe), og vil dermed kunne omfatte fleire tettstadar i Kvinnherad. Gjeldande kommuneplanens samfunnsdel fastslår vidare målsettingar om folketalsvekst kombinert med auka bustadbygging og næringsutvikling. I tillegg er det krav til strengare krav til overvaking og energinøytralitet. Planen skal vidare synleggjere mål, tiltak og investeringsbehov, og gebyr i forhold til dette. Drikkevassforskrifta skal vidare følgje opp EU-direktivet.

1.3 Politisk forankring

Planarbeidet er forankra i gjeldande planstrategi for Kvinnherad kommune 2024-2028 vedtatt av kommunestyret 19.06.2025.

Kommunedelplanen har eit planperspektiv fram til 2033. Kommunedelplanen skal bestå av ein handlingsdel som kan rullerast kvart tredje år. Kommunal planstrategi skal vidare ta stilling til behov for rullering av kommunedelplanen. Planstrategi for valperioden skal fastsetjast innan 1 år etter at nytt kommunestyret er konstituert. Rullering av kommunedelplanen må vurderast i forhold til behov, overordna føringar og teknologisk utvikling

1.4 Organisering

Oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Prosjekteigar:	Kommunedirektør > Sektor teknikk- og miljø > Eining for vatn og avløp
Prosjektgruppe	Eining for vatn og avløp Miljøretta helsevern Plan
Konsulent:	Norconsult AS

1.5 Budsjett og økonomi

Kommuneplanarbeidet er finansiert gjennom investeringsbudsjettet. Kommunedelplanen skal utarbeidast i framsikt, og der handlingsdelen skal følgje økonomiplanen. Planprogrammet legg ikkje føringar for oppbygging av kommunedelplanen.

2. Prosesskrav og avgrensing

2.1 Plantype

Kommunedelplanen jf. pbl § 11-1 tredje ledd utarbeidast i samsvar med prosesskrava i plan- og bygningslova, og vil utgjere ein tematisk kommunedelplan for verksemdsområde for vatn og avløp i Kvinnherad kommune.

Kommunedelplanen kan gje føringar og retningslinjer i forhold til lokalisering av tiltak som skal gjennomførast i planperioden, men omfattar ikkje endringar i arealbruk. Planen har som føremål å følgje opp kommuneplanens si arealdel som er juridisk bindande for arealbruk. Kommunedelplanen skal vidare følgje opp kommunens målsettingar og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel.

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028 vedtatt av kommunestyret 17.09.2020 er gjeldande for Kvinnherad kommune, og planarbeidet vil erstatte gjeldande kommunedelplan

2.2 Krav om planprogram

Utarbeiding av kommunedelplan utløyser krav om planprogram jf. plan- og bygningslova (pbl) § 4-1. Planprogrammet har som føremål å danne grunnlaget for planarbeidet, og skal utarbeidast etter prosesskrava i pbl § 11-13.

Planprogrammet skal omtale følgjande:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosess og framdrift
- Medverknad
- Utgreiingsbehov

2.3 Planområde

Kommunedelplanen skal gjelde for Kvinnherad kommune med geografisk utstrekning.

2.4 Tematisk avgrensing

Planarbeidet er vidare avgrensa til å gjelde vassforsyning og avløp. Overvatn skal ikkje utgjere eit overordna tema i planarbeidet, men skal omtalast i planarbeidet.

3. Planprosess og framdrift

Rullering av kommunedelplanar behandlast etter pbl §§ 11-12 til 11-15 jf. 11-4. Oppstart av planarbeidet varslast etter høringsvedtak av planprogrammet, og planprogrammet vert lagt på høyring og offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart.

Rørde offentlege mynde og andre interesserte varslast jf. pbl §§ 11-12 og 11-13, og frist innspel er minst 6 veker. Vidare vert innspel handsama, og lagt til grunn for revisjon av planprogrammet før fastsetting av planprogrammet i kommunestyret jf. § 11-13.

Planprosessen med tilhøyrande framdriftsplan vert lagt til grunn for utarbeiding av kommunedelplanen. For å sikre framdrift i planarbeidet er det hensiktsmessig at utarbeiding av planen går parallelt med handsaming av planprogrammet etter oppstartsfasen.

	2025				2026												2027	
	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2
Utarbeiding av planprogram	■																	
Politisk handsaming av planprogram i plan-, teknikk- og miljøutvalet		■																
Kunngjering av oppstart av planarbeid			■															
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram (6 vekers frist)			■	■														
Merknadshandsaming					■	■												
Revisjon av planprogram					■	■												
Fastsetting av planprogram Formannskapet							■											
Fastsetting av planprogram Plan-, teknikk- og miljøutvalet							■											
Fastsetting av planprogram Kommunestyret							■											
Utarbeide planforslag til kommunedelplan	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■							
1.gangsbehandling Formannskapet										■	■	■						
1.gangsbehandling Plan-, teknikk- og miljøutvalet										■	■	■						
Høyring og offentleg ettersyn												■	■	■	■			
Merknadshandsaming og revisjon av planforslaget													■	■	■			
2. gangsbehandling Plan-, teknikk- og miljøutvalet															■	■		
2. gangsbehandling Formannskapet															■	■		
2. gangsbehandling. Kommunestyret (fastsetting)															■	■		
Kunngjering av vedtak															■	■	■	

3.1 Medverknad

I planprosessen skal kommunen leggje til rette for medverknad gjennom lovpålagte krav etter plan- og bygningslova kapittel 11. Føremålet med medverknad er å sikre at kommunedelplanen er å sikre at viktige omsyn vert ivaretatt i plangrunnlaget.

Ved oppstart av planarbeidet kan ein medverke ved å sende inn innspel til oppstart, og sende merknad til høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet.

Når planforslaget er utarbeida skal denne også sendast på høyring og offentleg ettersyn, og ein kan vidare medverke i planarbeidet ved å sende inn merknad.

I oppstartsfasen av planarbeidet er det gjennomført informasjonsmøte med føremål om å sikre tidleg involvering og informasjon. Det kan vere aktuelt å leggje til rette for informasjonsmøte eller annan for medverknad i den vidare planprosessen.

Aktuelle høyringspartar er offentlege etatar, private vassverk, næringa, nabokommunar og aktuelle organisasjonar.

4. Overordna føringar og retningslinjer

Kommunedelplanen skal leggje til grunn nasjonale, regionale og lokale føringar, og synleggjere korleis mål og strategiar verkar inn på planarbeidet. Det omfattar også internasjonale føringar som kan ha betydning for langsiktig utvikling av vass- og avløpsforvaltninga.

4.1 Internasjonale føringar

EU-direktiv legg vidare føringar for vass- og avløpsforvaltninga gjennom EØS-avtalen, der følgjande omfattast av vatn og avløp:

- Vassdirektivet (2000/60/EF)
- Drikkevassdirektivet (2020/2184):
- Avløpsdirektivet (2024/3019)
- Havvassdirektivet (2008/56/EF)
- Overvåkingsdirektivet for vatn (2009/90/EF):
- Floods Directive (2007/60/EC)

FNs berekraftsmål er vidare utgangspunktet for berekraftig vassforvaltning på globalt nivå, med målsetting om å sikre tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle. WHO (Verdens helseorganisasjon) har vidare retningslinjer for drikkevasskvalitet.

4.2 Nasjonale føringar

På nasjonalt nivå er vass- og avløpsforvaltninga regulert gjennom lover og forskrifter.

4.2.1 Lover

- Vannressursloven (Lov om vassdrag og grunnvann av 2006)
- Forurensningsloven (Lov om forurensning og avfall av 1981)
- Plan- og bygningsloven (Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008)
- Folkehelseloven (Lov om folkehelsearbeid av 2012)
- Vass- og avløpslova (Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 2012)
- Matloven (Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. Av 2004)
- Sivilbeskyttelsesloven (Lov om sivil beskyttelse og beredskap av 2011)
- Helseberedskapsloven (Lov om helsemessig og sosial beredskap av 2001)
- Arbeidsmiljøloven (Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid, stillingsvern mv. av 2006)
- Naturmangfoldloven (Lov om forvaltning av naturens mangfold av 2009)

4.2.2 Forskrifter

- Drikkevassforskriften (FOR 2001-12-12 nr. 1567)
- Teknisk forskrift til plan- og bygningsloven (TEK17)
- Internkontroll forskriften av 1997 (Forskrift om systematisk-, helse- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (FOR-1996-12-06-1127)
- Forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06.21-854)

- Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (FOR-2004-11-15-1468).
- Forskrift om offentlige anskaffelse (FOR-2016-08-12-974)
- Forskrift om rammer for vassforvaltningen (FOR-2006-12-15-1446)
- Forskrift om begrensning av forurensing (FOR-2025-09-10-1882)

4.2.3 Andre føringar

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging
- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp

4.3 Regionale føringar

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – Senterstruktur, tenester og handel
- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Regional plan for folkehelse Hordaland 2014-2025
- Handlingsprogram folkehelse 2022-2025

4.4. Lokale føringar

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028 (2020) er utgangspunktet for rulleringa, og følgjande lokale føringar som er relevant for planarbeidet.

4.4.1 Lokale forskrifter

- Forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket, Kvinnherad kommune, Vestland, av 2026.
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune, av 2025
- Forskrift om innsamling av hushaldsavfall og tømning av slamavskiljarar og tette tankar, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes kommunar, Hordaland av 2007 (Forskrift om innsamling av hushaldsavfall, Hordaland).

4.4.2 Gjeldande planar

- Kommunal planstrategi (2025)
- Kommunepens samfunnsdel (2022)
- Kommunepens arealdel (2018)
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028 (2020)
- Overordna beredskapsplan 2021-2024 (2020)
- Overordna ROS-analyse for Kvinnherad kommune (2022)
- Smittevernsplan 2020-2025 (2020)
- Atomberedskapsplan (2022)
- Landbruksplan for Kvinnherad 2020-2025 (2020)
- Klima- og energiplan (2020)

4.4.3 Andre føringar

- Folkehelseoversikt for Kvinnherad 2024-2027 (2024)
- Akseptkriterium og metode for ROS-analyser (2012)

5. Om kommunedelplanen

5.1. Dagens situasjon

Hovudutfordringar og behov i forhold til eksisterande situasjon er følgjande.

Vassforsyning:

- Leveringssikkerheit, alternativ forsyning og beredskap skal ha større fokus og følgjast opp i planarbeidet i samsvar med drikkevassforskrifta.
- Enkelte av anlegga nærmar seg behov for utskifting, og det må vurderast om anlegg skal skiftast ut som tiltak.

Avløp:

- For nye anlegg må det sikrast at anlegga ikkje vert utdatert i forhold til nye EU-krav som følgje av revidert avløpsdirektiv.
- Det er stort etterslep på bygging av kommunale avløpsreinseanlegg.

Kommunedelplanen skal omtale konsekvensane av endringa for krav til reinsing for tettstadar, og utstrekninga av tettstadar i forhold til krav til utslepp for avløp skal synleggjerast på kart.

5.2 Tema i kommunedelplanen

Kommunedelplanen skal gjere greie for målsettingar for å sikre berekraftig vass- og avløpsforvaltning i Kvinnherad. Handlingsdelen skal utgjere ein oversikt over prioriterte tiltak i planperioden 2026-2033 som grunnlag for investeringstiltak innanfor vatn og avløp. For prioriterte tiltak skal det vurderast om tiltak i gjeldande kommunedelplan skal vidareførast, og samstundes vurdere behovet for nye tiltak for å nå målsettingane. Prioriterte tiltak bør vidare synleggjerast på kart som del av kommunedelplanen. Kommunedelplanen er todelt beståande av vassforsyning og avløp som hovudtema, og planen skal vidare omtale følgjande tema:

5.2.1 Vassforsyning

Målsettingar

Kommunedelplanen skal definere målsettingar for vassforsyning i forhold til kvalitet, mengde og leveringssikkerheit for sikker vassforsyning.

Tilstand- og situasjonsskildring

I Kvinnherad kommune eksisterer det private og kommunale vassbehandlingsanlegg. For bygging av nye vassbehandlingsanlegg er det hensiktsmessig at anlegg vert etablert på eit tilstrekkeleg nivå ved behov for kommunal overtaking. I dag har ikkje alle vassverka i kommunen reservevasskjelder, og det må vurderast vidare i planarbeidet. I tillegg er det behov for å sikre alternative transportveggar for å kunne forsyne abonnentar ved bortfall av leidningsnett. Generelt er utfordringane manglande reservevasskjelder. Ved etablering av nye vassbehandlingsanlegg er målsettinga at flest mogleg vert tilknytta vassverk.

Prioriterte tiltak

Det skal vurderast nye tiltak for vassforsyning i planperioden. Det vil kunne omfatte tiltak som nye vassleidningar, UV-anlegg, grunnvassbrønn, vasskummar, høgdebasseng og alternativ vassforsyning.

Gebyr

Det skal utarbeidast oversikt over gebyr- og investeringsutvikling for vassforsyning, og det skal redegjerast korleis prioriterte investeringstiltak skal finansierast. Gebyr skal oppdaterast.

5.2.2 Avløp

Målsettingar

Å etablere reinseanlegg for ureinsa utløp, og samstundes effektivisere eksisterande anlegg er ei målsetting. Det gjeld særskilt eldre anlegg og anlegg med høge driftskostnader. Det må vidare gjennomførast ny

vurdering av avløpssonar i forhold til grensesnittet. I forhold til tiltak vil det omfatte målsetting om avløpsløsingar for framtida.

Tilstand- og situasjonsskildring

I Kvinnherad kommune er det per i dag for mange utslepp som går ureinsa, og ein har ikkje oversikt over omfanget av særskilt private avløpsanlegg som er ureinsa. Nye avløpsreinseanlegg bør prioriterast der det er raskast, og har størst effekt. Typisk er ureinsa anlegg der det er mange eigedomar tilknytt.

På grunn av auka nedbørsmengder er framandvatn også eit større problem enn tidlegare. Dette betyr at det vert fleire separeringsjobbar for å fjerna regnvatn frå kloakken. Generelt har det vidare samanheng med overvatn, og til dømes vasskvalitet for badeplassar i kommunen. Det utløyser behov for at planforslaget tek omsyn til tilstanden til vassførekomstar i forhold til avløp, til dømes badeplassar. Kommunen er vidare inndelt i avløpssonar som skal vurderast i planarbeidet.

Prioriterte tiltak

Avløpsreinseanlegg bør prioriterast der det har størst effekt. Det kan gjelde ureinsa anlegg der mange eigedommar er tilknytt. Vidare må tiltaka prioriterast i forhold til reisebehovet for å sikre miljømessig berekraft. Aktuelle tiltak er nye avløpsreinseanlegg, separering av fellesleidningar og slamavskiljarar. I tillegg må avløpssonar vurderast.

Gebyr

Det skal utarbeidast oversikt over gebyr- og investeringsutvikling for avløp, og det skal redegjerast korleis prioriterte investeringstiltak skal finansierast. Gebyr skal oppdaterast.

6. Utgreiingsbehov

6.1 Risiko og sårbarheitsanalyse

Det er krav om risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) jf. pbl § 4-2 når planar skal utarbeidast. I kommunedelplanen skal det gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsvurdering for nye tiltak og endringar som rulleringa legg opp til. Føremålet er å sikre at planen er oppdatert i samband med gjeldande lovverk og kunnskapsgrunnlag.

Det er vurdert at det skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsvurdering i forhold til nye tiltak og endringar, for å sikre at kommunedelplanen er oppdatert i samband med gjeldande lovverk og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Hovudmålsettinga er å kunne identifisere uønska hendingar, og sikre avbøtande tiltak. Denne skal vidare følgje opp gjeldande overordna ROS-analyse for Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune har utarbeida ROS-analyser for vassverka i samsvar med Mattilsynet si rettleiar. Oppdaterte ROS-analyser kan nyttast som kunnskapsgrunnlag for vurderinga. I tillegg vil undersøking av resipientar utgjere kunnskapsgrunnlag i forhold til avløpshandtering.

6.2 Konsekvensutgreiing

Kommunedelplanen utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 tredje ledd, jf. forskrift om konsekvensutredningar § 6 bokstav a), jf. vedlegg II punkt 11 c) om reinseanlegg for spillvatn. Grunngeving er at konsekvensutgreiing vert utløyst når planen set retningslinjer for tiltaket.

Konsekvensutgreiing skal utarbeidast i tråd med Miljødirektoratet sin metode for konsekvensutgreiingar (M-1941), det relevante tema som naturmangfald, vassmiljø, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, landskap, støy, forureina grunn og klimagassutslepp. Konsekvensutgreiinga skal vere tilpassa kommunedelplannivå, og avgrensast til tiltaket. Det er lagt til grunn av kommunedelplanen ikkje skal fastsetje plassering av tiltaket, men konsekvensutgreiinga skal utgreie alternative plasseringar av tiltaket etter M-1941. Når

konsekvensar for alternative plasseringar et utgreidd på kommunedelplannivå, kan fastsetjing av plassering av tiltaket avklarast på kommune- og reguleringsplannivå.

Konsekvensutgreiing skal leggast fram til 1. gangsbehandling som vedlegg til planen. Konsekvensar i forhold til prinsipp for løysingar kan omtalast i planen, til dømes plassering av anlegg i forhold til tettstader, resipientar og infrastruktur.

Det er vidare vurdert at andre tiltak ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. §§ 6-10. Det inkluderer demningar og lagring av vatn jf. jf. vedlegg II 10 g), der planarbeidet har som føremål å gjennomføre avgrensa tiltak på eksisterande demningar. Dersom tiltak inneber utviding av anlegga må konsekvensutgreiing vurderast nærmare etter forskrifta. I tillegg må konsekvensutgreiing vurderast nærmare dersom kommunedelplanen legg opp til andre tiltak som ikkje er kjend ved planoppstart.

6.3 Forholdet til kommuneplan og reguleringsplan

Plassering av reinseanlegg for spillvatn må vidare følgjast opp i kommuneplanens arealdel, og planen må vidare ta høgde for at reinseanlegg for spillvatn kan utløyse krav om reguleringsplan. Krav om reguleringsplan vil medføre påverknad på framdrift og økonomi for tiltaket.

6.4 Kartleggingsbehov og kunnskapsgrunnlag

I planprosessen skal følgjande kartleggjast, og inngå som kunnskapsgrunnlag i utarbeiding av planen.

- Kartleggja alle eksisterande anlegg for å avklara vedlikehalds/utskiftings behov.
- Kartleggja behov for utviding av leidningsnettet.
- Kartleggja behov for vassforsyning – avløpshandtering i deler av kommunen som ikkje har kommunale anlegg.
- Kartleggja utfordringar med framandvatn grunna klimaendringar.
- Vurdering av vassførekomstane.
- Kartleggja private vassverk og deira forsyningsområde.

Statsforvaltaren i Vestland starta eit tre-årleg overvakingsprogram for Hardangerfjorden i 2024 med føremål å sikre kunnskap om miljøtilstanden i fjorden, og årsrapport for 2024 er tilgjengeleg. Miljødirektoratet har vidare sett i gang med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for miljøtilstanden som forventast i løpet av 2025. Dette skal leggjast til grunn som kunnskapsgrunnlag i planarbeidet. Oversikta over hovudutfordringar for Vestland 2028-2033 leggast vidare til grunn som kunnskapsgrunnlag.

Kjelder

Forskrift om drikkevann (drikkevannsforskriften). (2001). FOR-2001-12-04-1372. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-12-04-1372>

Forskrift om konsekvensutredninger. (2017). FOR-2017-06-21-854. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>

Forskrift om offentlige anskaffelser. (2016). FOR-2016-08-12-974. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-974>

Forskrift om rammer for vannforvaltningen. (2006). FOR-2006-12-15-1446. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (internkontrollforskriften). (1996). FOR-1996-12-06-1127. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>

Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift, TEK17). (2017). FOR-2017-06-19-840. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-19-840>

- Forskrift om tiltak i vassdrag (fysiske tiltak i vassdrag). (2004). FOR-2004-11-15-1468. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-11-15-1468>
- Hordaland fylkeskommune. (2014). *Regional plan for folkehelse Hordaland 2014–2025*.
- Hordaland fylkeskommune. (2017). *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – Senterstruktur, tenester og handel*.
- Hordaland fylkeskommune. (2019). *Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*.
- Kvinnherad kommune (2024) Folkehelseoversikt for Kvinnherad 2024-2028, hente frå <https://pub.framsikt.net/plan/kvinnherad/plan-2d479489-3029-4d16-9005-51263e99ae3f-49747/#/>
- Kvinnherad kommune. (2012). Akseptkriterium og metode for ROS-analyser.
- Kvinnherad kommune. (2018). Kommuneplanens arealdel 2018.
- Kvinnherad kommune. (2020). Klima- og energiplan.
- Kvinnherad kommune. (2020). Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020–2028.
- Kvinnherad kommune. (2020). Landbruksplan for Kvinnherad 2020–2025.
- Kvinnherad kommune. (2020). Overordna beredskapsplan 2021–2024.
- Kvinnherad kommune. (2020). Smittevernsplan 2020–2025.
- Kvinnherad kommune. (2022). Atomberedskapsplan.
- Kvinnherad kommune. (2022). Kommuneplanens samfunnsdel 2022.
- Kvinnherad kommune. (2022). Overordna ROS-analyse for Kvinnherad kommune.
- Kvinnherad kommune. (2024). Folkehelseoversikt for Kvinnherad 2024–2027.
- Kvinnherad kommune. (2025). Kommunal planstrategi 2025.
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) (2005). LOV-2005-06-17-62. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62>
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) (2011). LOV-2011-06-24-29. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2011-06-24-29>
- Lov om forurensninger og om avfall (forurensningsloven) (1981). LOV-1981-03-13-6. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/1981-03-13-6>
- Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven) (2000). LOV-2000-06-23-56. Henta frå Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpslova) (2012). LOV-2012-06-29-64. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2012-06-29-64>
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) (2003). LOV-2003-12-19-124. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2003-12-19-124>
- Lov om naturens mangfold (naturmangfoldloven) (2009). LOV-2009-06-19-100. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2009-06-19-100>
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (2008). LOV-2008-06-27-71. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71>
- Lov om sivilbeskyttelse (sivilbeskyttelsesloven) (2010). LOV-2010-06-25-45. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2010-06-25-45>
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) (2000). LOV-2000-11-24-82. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2000-11-24-82>
- Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2000-06-23-56>
- Statsforvaltaren i Vestland (2023): Overvaking av miljøtilhøva i kystvatn, henta frå <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/toler-kysten-utsleppa-vare-overvaking-av-miljotilhova-i-kystvatn/> 10.07.2025.
- Statsforvaltaren i Vestland (2024): Ny kunnskap om tilstanden i Hardangerfjorden, henta frå https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/forureining/overvakingsrapport-for-hardangerfjorden-2024/?utm_source=chatgpt.com 10.07.2025.
- Statsforvaltaren i Vestland (2025): Rapport Overvakingsprogram for Hardangerfjorden 2024-2026

- Vestland fylkeskommune. (2021). Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033.
- Vestland fylkeskommune. (2022). Handlingsprogram folkehelse 2022–2025.
- Vestland fylkeskommune. (2022). Regional plan for klima 2022–2035.
- Vestland fylkeskommune. (2022). Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027.
- Vestland fylkeskommune. (2023). Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.